



SAMSPEL: På reiselivsområdet har Vestlandsforskning, i samspel med bedriftene, potensial til å bli ein nasjonal spiss, skriv artikkelforfattaren. Biletet viser Skei Hotel.

Korleis skape vinnarar?

Samfunn: - Felles utfordringar og nettverk kan vere fortrinn i eit raust samspel



KRONIKK

AGNES LANDSTAD
er direktør ved Vestlandsforskning

«Her er morsomt å være. Uhyre morsomt! Kamp i hver eneste ting. Jeg trodd aldri, at jeg i min tid skulle få oppleve et sådant alminnelig slagsmålparadis. Det annet må jo være til å rotne i.»

Slik skriv Bjørnstjerne Bjørnson i brev til sin venn Alexander Kielland i 1881. Fleire enn Vestlandsforskning kan kjenne seg att i denne skildringa. Ikkje fordi vi slåst så mykje oss i mellom i Sogn og Fjordane, sjølv om vi gjer det også, men fordi vi slåst mot tunge trendar. Og fordi vi bur i eit paradis når det gjeld tryggleik, natur, levekår, høve til deltaking osb. Noreg er kåra til verdas beste land å bu i, og nokre av dei beste kommunane ligg i fylket vårt. Det er eit godt utgangspunkt å bygge på.

SAMTIDIG KJENNER vi dei tunge trendane altfor godt: Vi får ikkje del i den nasjonale folkets veksten, vi har for få unge voksne, mange flyttar frå utkantane mot regionsentra og Oslo, därleg infrastruktur og låg lønsemd i næringslivet - vi kjenner bildet.

Vi må konkurrere med verda om talenta; dei gode hovuda som bidreg til nytenking. Dei har store forventningar til vilkår for eiga utvikling, der fritid og jobb flyt over i kvarandre, til tilgjengeleg teknologi og til leiarskap. Dei viktigaste fak-

torane for vellukka innovasjon verda rundt er utdanning, å tiltrekke seg dei dyktige talenta, risikokapital som satsar på teknologi og utvikling, og (obs!) naturgjevne konkurransefortrinn.

Korleis møter vi i Sogn og Fjordane slike krav? Ei gruppe av leiarar frå næringsliv, offentleg forvaltning, verkemiddelapparat og kunnskapsmiljø i fylket har i halvtanna år arbeidd med desse problemstillingane. I samarbeid med professor Torger Reve ved BI og det nasjonale prosjektet «Et kunnskapsbasert Norge», har vi i prosjektet «Et kunnskapsbasert Sogn og Fjordane» sett som mål å bidra til langsiktig økonomisk vekst i regionen - og dermed til bevaring av livskraftige og attraktive lokalsamfunn.

VI SER AT KVALITETEN i bu- og nærmiljø, arbeidsmarknad, næringsliv og andre kunnskapsmiljø alle er viktige element for attraktiviteten. Der desse elementa fungerer i samspel, er det attraktivt for menneske og bedrifter å slå seg ned. Ein grundig rapport om «rikets tilstand» i Sogn og Fjordane gir eit faktabilde av utviklinga i fylket. Vi har tatt tak i nokre av dei store utfordringane i regionen, og diskutert korleis vi kan arbeide med trenane, ikkje mot dei.

Prosjektet har systematisk vurdert næringane i fylket vårt og løftar fram fem nærmiljø som i ulik grad fyller desse kriteria. Dette er nærmiljø vi meiner har eit konkurransedyktig ressursgrunnlag i regionen i form av kompetente menneske, bedrifter, infrastruktur og naturressursar. Dei har potensial til å bli leiande nasjonalt og vere synlege internasjonalt, dersom samarbeid og felles utviklingsretning vert prioritert av aktørene. Dei næringane som peikar seg ut, er reiseliv, fiskeri og havbruk, bygg, anlegg og egedom, maritime næringar, fornybar energi og miljøteknologi.

Styringsgruppa i prosjektet ønskjer seg ein brei diskusjon om både føresetna-

dene for dei utvalde nærmiljøgruppene, og, ikkje minst, om korleis vi kan gå vidare og leggje til rette for ei eller fleire av desse for å skape ei robust utvikling i fylket. Kva vil dette kreve av bedriftene, leverandørane, verkemiddelapparatet, investorar og kunnskapsmiljø?

VESTLANDSFORSKING ønskjer å bidra. Vi har bransjespesifikk kunnskap på nokre område. Vi ønskjer å styrke og bygge vårt kunnskapsmiljø til å kunne samspele endå betre med og serve nærmiljø i regionen. Dette føreset at bedriftene og det offentlege også ønskjer å styrke og utvikle Vestlandsforskning som eit strategisk kunnskapsmiljø for fylket. På reiselivsområdet meiner vi t.d. at Vestlandsforskning i samspel med bedriftene, har potensial til å bli ein nasjonal spiss i utvikling og kopling av kunnskap. Forskarane våre og bedriftene skal i samarbeid utvikle relevant kunnskap for regionen. På den måten lærer vi av kvarandre, og det blir kort veg frå forsking til nytte. Vi ønskjer også gjennom samarbeid med andre forskingsmiljø i Noreg og i utlandet å kople verksemder i Sogn og Fjordane med andre gode partnerar for utvikling.

Vi er få, og vi er små i fylket vårt. I mange samanhengar vert det sett på som ein veikskap, men vi kan også sjå det som eit fortrinn. Nettverka er oversiktlege og prega av tillit, dialogane kan gå utan unndig friksjon og vegen til avgjerdene er kort. Enkeltvis som verksemder er vi svake i konkurransen, men greier vi å integrere ulike bedrifter, investorar, premisleverandørar og kunnskapsmiljø, er vi sterke i samspel. Gjennom endå meir forpliktande og meir målrettat samarbeid kan vi utvikle og dele ressursar og oppnå synergier i næringslivet og i lokalsamfunn. For Vestlandsforskning vil eit tett

samspel både forplikte og gje muligheter.

Når Inge Jan Henjesand frå Abelia i sin kronikk 12. januar utfordrar oss til i lag å gjøre Sogn og Fjordane meir attraktivt som bu- og næringslivsregion, tenkjer eg at det har vi starta på gjennom dette prosjektet. Vi har erfaringar frå t.d. IT-forum Sogn og Fjordane, som har vist at hvor vi blikket ut over eiga verksemder og eige lokalsamfunn, kan vi utnytte felles utfordringar og nettverk som fortrinn og i

raust samspel skape synergier og verdiar vi elles ikkje ville hatt.

DET AT VIER FÅ OG SMA i Sogn og Fjordane, har oversiktlege strukturar og sterke nettverk, er eit undervurdert konkurransesfortrinn som gir Sogn og Fjordane styrke i høve til konkurrerande regionar. Nettopp fordi trendane utfordrar oss så sterkt, må vi arbeide endå meir med å samle krefter og tenke nyt. Legg vi tyngda på dette, kan vi i aktivt samspel skape nye vinnarar blant våre bedrifter og våre lokalsamfunn. Då rotnar vi ikkje, men vi har det «uhyre morsomt» i vårt Bjørnsonske «slagsmålparadis».

«Vi er få, og vi er små i fylket vårt. I mange samanhengar vert det sett på som ein veikskap, men vi kan også sjå det som eit fortrinn»

OM FORFATTAREN

► Agnes Landstad er direktør ved Vestlandsforskning. Ho er også med i styringsgruppa for «Et kunnskapsbasert Sogn og Fjordane.»